

BOKN

BYGDEBLAD

NR. 9 - OKT./NOV. 1988 ARG. 3

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR

ELG PÅ BOKN

Det er observert elg både på Austre og Vestre Bokn. Dersom observasjonane er rette, er det sett ei elgku på Austre og ein elgokse på Vestre Bokn.

Nokre meiner det kan vera den same elgen som er sett begge stader. Sikkert er det i alle fall at fleire har sett ein elgokse på Vestre Bokn i den seinare tida, og han har gått og beita saman med storfe heilt innpå heimebøen på fleire gardar.

Viltforvaltar Odd Rønningen ved fylkesmannen si miljøvern avdeling seier at det ikkje er oppsiktsvekkande at det nå er kome streifdyr av elg til Bokn, då elgen sitt utbreiingsområde aukar i Rogaland. Elgen eller elgane er sannsynlegvis kome til Bokn frå Tysvær. Han er god til å symja.

Viltnemnda i Bokn har registrert elgen, og vil halda seg orientert om korleis det utviklar seg.

Frå før er det ein etter måten stor hjortestamme, og ein mindre rådyrstamme på Bokn.



SMALHANS FOR BOKN KOMMUNE I 1989

Dei budsjettala som etatsjefane har lagt fram for rådmann og formannskap, syner at totalt sett må desse reduserast med 875.000 kr. dersom budsjettet skal koma i balanse.

Rådmannen har bede dei ulike etatane leggja fram nye budsjettframlegg med slik reduksjon på dei ulike etatane:

- Kap.1.1.: Sentraladministrasjonen må redusera med kr. 240.000,-.
- Kap.1.2.: Skulen må redusera med kr. 125.000,-.
- Kap.1.3.: Helse må redusera med kr. 225.000,-.
- Kap.1.4.: Sosial må redusera med kr. 31.000,-.
- Kap.1.5.: Kyrkje/kultur må redusera med kr. 122.000,-.
- Kap.1.6.: Teknisk etat må redusera med kr. 132.000,-.

Innsparinga vil bety at tidlegare planar om utviding av stillingar og eventuelt nye stillingar må reviderast, og andre driftsutgifter må skjeras bort. Kva som vil merkast mest av lokalbefolkninga står att å sjå, men det er merkbare nedskjeringar som nå må til.

Det er særleg store renteutgifter p.g.a. låneopptak til Boknatun som tærer på Bokn kommune sin økonomi, og som gjer at rammene er merkbart strammare enn tidlegare år.

BETRE ORGANISERING OG DRIFT AV BYGDEBLADET.

Bokn kommunestyre behandla i møte den 25.oktober ei sak om driftsform og organisering av Bokn Bygdeblad. Saka har tidlegare vore behandla av kulturstyret og formannskapet.

Kommunestyret har gjort slikt samrøystes vedtak:

1. Bokn Bygdeblad eiges og utgis av Bokn kommune.
2. Bokn kulturstyre skal vera styre for bygdebladet.
3. Redaksjonsnemnd på 3 medlemmer velges av formannskapet. Redaksjonsnemnda sitt ansvars- og arbeidsområde følgjer av vedtekter for Bokn Bygdeblad og retningsliner for redaksjonsnemnda i Bokn Bygdeblad.
4. Kultursekretæren skal vera ansvarleg redaktør av Bokn Bygdeblad. Redaktøren sitt ansvars- og arbeidsområde følgjer av vedtekter for Bokn Bygdeblad og instruks for redaktøren av Bokn Bygdeblad.
5. Arbeidet med Bokn Bygdeblad skal utførast i arbeidstida. Det av arbeidet som ikkje kan utførast i arbeidstid, blir løna etter ltr.20 for redaktør, og ltr.10-17 for kontorassistent.
6. Det vert sett av ei ramme på inntil 16 timars arbeid pr. utgjeving.
7. Frå 1.januar 1989 skal ein ha følgjande abonnementspris pr. år:
Utanbygds: kr.100,-
Innanbygds: gratis
8. Bokn kommunestyre godkjenner dei framlagde forslag til instruks for redaktør, forslag til vedtekter for Bokn Bygdeblad og forslag til retningsliner for redaksjonsnemnda i Bokn Bygdeblad.

9. Ny driftsform og organisering av Bokn Bygdeblad settes i verk frå kommunestyret sitt vedtak. Kultursekretæren får utbetalt løn som redaktør av Bokn Bygdeblad for heile 1988 i samsvaret med pkt. 5 ovanfor. Utgiftene vert dekkja over post 1.500.010.

Saka kom opp på bakgrunn av eit vedtak i Bokn kommunestyre i fjor, der kulturstyret fekk i oppdrag å vurdere driftsform og organisering av Bokn Bygdeblad. Det er i inneverande budsjett løyvd kr.10.000,- til bygdebladsaksarbeid.

Kulturstyret hadde foreslått kr.50,- pr. år i kontingent innanbygds, men kommunestyret vedtok at bladet skal vera gratis for kommunen sine innbyggjarar.



HJARTEKARUNDER- SØKINGA I BOKN.

Statens helseundersøkelser kjem til Bokn i tida 3. - 9.november.

Bokn har vore så heldige å få utvida tilbodet til å gjelda alle i alderen 15 - 69 år.

Nå håper vi at alle som vert innkalla vil nytta seg av tilbodet.

Her i Bokn har vi hatt og har ganske mange med hjarte-karsjukdom, meir enn vi skulle venta i høve kor mange (få) vi er.

Nå har vi ein god sjanse til å få vita korleis stoda er, om mange av oss har risiko for hjarte/karsjukdom.

Skulle ikkje dagen ein er innkalla passa, kan ein berre møta ein av dei andre dagane.

For dei som ikkje er heime nokon av dagane undersøkinga er her kan dei møta i andre kommunar. (Karmøy har undersøking 10/11 - 29/11).

Diverre har sosialdepartementet pålagd Statens helseundersøkelser å krevja inn eigenbetaling på kr.25,-. Men det er god investering, å investera i si eiga helse.

Skyss

Dei som ikkje klarer å skaffa seg skyss sjølv, kan ta kontakt med Bokn sosialkontor, tlf. 74 85 00.

MØT FRAM!

Helsing


Kommunehelsetenesta i Bokn

Innkalling

Innkallinga går alfabetisk etter etternamnet.

Døme: Hb-L møter mandag 7/11.

Det vil seia alle som har etternamn som byrjar med: He, Ho, Hå, L, J, K og L.





OPNINGSTIDER:

TYS DAG: 10⁰⁰ - 13⁰⁰


TORS DAG: 16⁰⁰ - 19⁰⁰

TLF: 748500

BARNE- OG UNGDOMSBOK- AKSJONEN 1988

7. - 13. november

også i biblioteket vårt. Radio og TV vil i denne veka bruke mykje tid på barne- og ungdomsbøker. Dersom du får lyst til å lese meir om bøker du berre får høyre litt om, stikk innom biblioteket ein tur. Kanskje vi har bøkene. Hvis ikkje kan eg skaffe ho til deg. Kjem du innom i biblioteket kan du få nye klistremerke også.



TV vil i haust senda fem "God bok" programmer med fylgjande boktitlar:

1. En flodhest i huset
2. Sofie og pytondagen
3. Monsteret i skapet
4. Emil og Kaffikokaren
5. På hjørnet om kvelden

BÖKENE ER I BIBLIOTEKET VÅRT.

Nye bøker for barn og ungdom:

- * Gripe, Maria: Skyggenes barn
- * Mählqvist, Stefan: Drakefjellet
- * Holmås, Stig: Soloppgangens folk Apache-serien.

NYE BÖKER FOR VAKSNE:

- * Steen, Reiulf: Ines og det elskede landet.
- * Elstad, Anne Karin: Maria, Maria.
- * Rönning, Bjarne: A-laget.
- * Ottersen, Olav: Apent hus.
- * Espedal, Tomas: En vill flukt av parfymmer.

VEL
MÖTT
TIL
EIN
BOKPRAT!



- * Jensen, J.O.: Fremmed Fugl.

VAKSINEFORSØK MOT HJERNEHINNEBE- TENNELSE

Hjernehinnebetennelse er en fryktet sykdom, ungdom 13-20 år og småbarn er mest utsatt.

I Norge har vi hvert år siden 1974 hatt 400 tilfeller av smittsom hjernehinnebetennelse og blodforgiftning (meningokokksykdom).

Sjukdommen utvikler seg ofte raskt slik at selv den hurtigste og beste behandling ikke er nok til å redde den syke. Ca. 10% av de syke dør, og omtrent like mange får varige skader (f.eks. hjerneskadener). Vi har i dag ikke noen vaksiner mot denne skumle bakterien som utvikler hjernehinnebetennelse.

Statens institutt for folkehelse har nå utviklet en vaccine som de har stor tro på. For å finne ut om den er effektiv trenger de hjelp av minst 100.000 ungdomsskoleelever.

Vaksinen er godt kontrollert og er prøvet på 3.000 personer i Norge, og før vi får vaksinen her er den prøvet på enda 5.000 i Trøndelag. Ingen har fått alvorlige bivirkninger, og det regnes som usannsynlig at alvorlige bivirkninger skal oppstå.

Ingen kan få hjernehinnebetennelse av vaksinen, fordi den består av biter meningokokkbakterien, bakterien er og svekka for å gi en sikker vaccine.

For å kunna kontrollere at vaksinen virker får halvparten vaccine - andre halvparten "juksevaccine". Viser vaksinen seg å være effektiv vil de som fikk jukse vaccine være de første som får tilbud om ordentlig vaccine.

Alle på samme skole får samme vaccine, heller ikke helsesøster vet om det er ordentlig vaccine eller jukse vaccine.

Til foreldre og elever vil jeg si: Les godt gjennom heftet dere har fått hjem, skulle dere allikevel lure på noe kan dere ringe meg.

Helsestasjonen

Marie

HELSESØSTER

Helsestasjonen er stengt onsdag den 9. november p.g.a. hjarte/karundersøkinga.

INFLUENSA VAKSINEN KOMEN

Dei som er interessert i influensa vaccine, kan henvenda seg til doktor-kontoret. Pris kr.50,-.

Målfrid

LEGE

Det blir ikkje lege tirsdag 8. november 1988 p.g.a. hjarte-karundersøkinga.

MIDLAR TIL FØREBYGGJANDE TILTAK FOR BARN OG UNGE

Midlar til styrking av førebyggjande tiltak for barn og unge.

Bokn kommune har pengar som skal gå til styrking av leiar situasjonen i lag og foreningar for barn og unge. I praksis vil dette seia at ein ønskjer å gje ei oppmuntring og ei støtte til leiarane i form av pengar for den innsatsen dei gjer når det gjeld å aktivisera barn og unge i Bokn. Dei foreningane som har fleire leiarar må dela midlane mellom desse.

Ein minner elles om at kulturstyret kvart år delar ut midlar til drifta av foreningar og lag.

Søknadsskjema får ein ved å venda seg til sosialkontoret.

SØKNADSRIST: 21.NOV. 1988

BOKN-PROSJEKTET

VEG- OG BRUARBEIDET NÅ:

Frekasundet bru

Støyping av dekke foregår nå.
Brua er fullt ferdig 12. desember 1988.

Kostnadsoverslag i -88 kr: 32,2 mill. kr.

Veg over Ognøy

Vegbanen er i ferd med å gjerast ferdig.

Vegen vil bli gjort ferdig i november 1988.

Skal deretter brukast som transportveg til Ognasund bru.

Kostnadsoverslag i -88 kr: 14,8 mill. kr.

Ognasundet bru

Brufundamenta på land er støypte, og sprenging av fundamentflater i sundet på det næraste ferdig.

Overbygging (fritt fram) vil starta i februar -89.

Brua er antatt ferdig 23. desember 1989.

Kostnadsoverslag i -88 kr: 39,5 mill. kr.

Veg over Austre Bokn

Sprenging og masseflytting går etter planen, og tunneldrivinga går raskare enn planlagt.
Gjennomslagsdato ca. 14. november.

Resten av massen som skal fyllast i bru-landkaret på austsida av Boknasundet, vert lagt ut etter at

tunnelen har hatt gjennomslag.
Kostnadsoverslag for veg/tunnel Austre Bokn i -88 kr: 17,8 mill. kr + 10,7 mill. kr.

Boknasundet bru

Brua har nettopp vore ute på anbud.
Byggstart ca. 14. februar 1989.

Kostnadsoverslag i -88 kr: 40 mill. kr.

Veg over Vestre Bokn

Arbeidet med vegtraseen i Alvestadkroken er påbegynt i ca. 3 - 400 m lengde.

Fylling av masse til Boknasund bru sitt vestre landkar tar snart til.

Kostnadsoverslag i -88 kr: 28 mill. kr.

Arsvågen ferjeleie og molo

Ingen arbeid pågår nå.
Planarbeid i samband med oppstill. plassar og kaisystem pågår.
Kostnadsoverslag i -88 kr: 27,5 mill. kr.

Totalt er i dag 70 personar involvert direkte i prosjektet. Dette er utanom konsulentar og vegkontor.

Opplysningane er tatt frå kvartalsrapport nr.5 - Bokn-prosjektet.

STEIN FRÅ KNARHOLMEN

Vegvesenet får ta ut 5.000 m³ stein frå industriområdet ved Knarholmen. Steinen skal brukast til fyllmasse for fundamentet for

Boknasund bru på vestsida av Boknasundet. Det var Bokn formannskap som gjorde vedtak om dette den 11. okt. 1988.

SLUTT PÅ BILFERJE TIL KOPERVIK OM 1 ÅR?

I eit notat frå Vegsjefen i Rogaland til Bokn, Tysvær og Karmøy kommune, pluss til Nord-Rogalandrådet og DSD, ynskjer vegkontoret i Rogaland reaksjonar på eit forslag om å endra ferjesambandet Føresvik-Kopervik til berre å dekkja strekninga Føresvik-Austre Bokn frå omkring desember 1989.

På det tidspunktet vil Austre Bokn få fastlandssamband via Ognøy til Kårstø, og ein vil då kunna kjøra ferjefritt frå Austre Bokn til Tysvær, Haugesund, Karmøy eller austover.

Ein vil ved å endra ferjesambandet til berre å dekkja Føresvik-Austre Bokn kunna tilby ein langt høgare rutefrekvens på denne strekninga enn om ein skulle oppretthalda dagens rute Austre Bokn-Vestre Bokn-Kopervik.

Brusambandet mellom Austre og Vestre Bokn vil sannsynlegvis vera ferdig omkring februar/mars 1990, og Vestre Bokn vil då ha ferjefritt samband til resten av landet. Vegkontoret vurderer då å leggja ned ferjesambandet Kopervik-Bokn før ferjeleiet i Arsvågen og tilknytingsveien mellom Boknasund bru og Arsvågen er ferdig.

FLEIRE HYTTER

I BORGENVIK - SANDSVATN?

Kommuneplanutvalet i Bokn vil i samband med arealdelen i kommuneplanen vurdere omfang og lokalisering av framtidig hyttebygging i Bokn kommune.

Samstundes vil ein få utreda konsekvensen av ein så sterk konsentrasjon av hytter som det er foreslått for området Borgenvik - Sandsvatn.

Før denne arealdelen er ferdig, vil ein ikkje tilrå at reguleringsplan for nye hytter i dette området blir fremma for vidare behandling.

BOKN GARANTERER FOR 5 MILL. KR. TIL BOKN-PROSJEKTET

Bokn kommunestyre vedtok i møte den 25. oktober å stilla ein garanti på inntil 5 mill. kroner til Bokn-prosjektet i samsvar med søknad frå Tungenes ferjeterminal A/S av 22. september 1988.

Garantien er gitt på vilkår av at dei andre medlemskommunane stiller garanti i samsvar med søknaden.

Garantien fordelt på dei andre kommunane er:

Rogaland fylkeskommune	kr.135 mill.
Stavanger kommune	" 40 mill.
Karmøy kommune	" 10 mill.
Randaberg kommune	" 5 mill.
Rennesøy kommune	" 5 mill.
Bokn kommune	" 5 mill.

VEGTILHØVA I BOKN NEGATIVT SVAR FRA ROGALAND VEGKONTOR.

Bokn kommunestyre sende for ei tid sidan ein uttale til Vegsjefen i Rogaland for å påpeika den dårlege standarden på visse vegstrekningar på Bokn.

Uttalen er oversendt vedlikeholdsavdelingen ved vegkontoret.

Bokn kommune har fått tilsendt fylkesvegbudsjett for 1989, og utfrå det er det ikkje mykje håp om å få meir fast dekke i Bokn med det første. Utbetringsprogram for å leggja fast dekke på fylkeskommunale vegstrekningar er utsett på ubestemt tid.

Så boknarane kan framleis belaga seg på å humpa utover på fylkeskommunale vegar i fylgje Rogaland Vegkontor.

TV-INNSAMLINGA

Til saman kom det inn kr.30.927,30 i Bokn ved TV-innsamlinga, søndag den 16.oktober. Det vil seia kr. 41,79 pr. boknar. Her er inkludert offer i kyrkja (kr.1.200) og løyving frå kommunen (kr.4.000).

Pengane skal disponerast av Det Norske Flyktningeråd.

Takk til alle som ga!
Takk til lokale medarbeidarar!

Aksjonskomiteen



PÅ FLUKT

APROPOS: IDRETTSSKULE FOR BARN I BOKN.

Ingolf Kro hadde i siste bygdeblad eit innlegg om idrettskule for barn. Han etterlyste idear/forslag frå både idrettslag og politikarar.

Bokn Bygdeblad har til nå ikkje fått idear eller forslag verken frå idrettslag eller politikarar, men ein kopi av eit oversendelseskriv frå tidlegare formann i Bokn idrettslag, Hans Faye - til skulesjefen. Der viser han til eit samarbeid skule/idrett i Sandnes, og foreslår at dette blir tatt opp i budsjettsamheng i skulen.

Difor er ikkje ideen ny - men det manglar vel ildsjeler til å gå vidare med han.

KOM SÅ BYGGER VI



Se vår huskatalog

70 SIDER MED HUS OG INFORMASJON!

Kontakt vårt kontor -
kom gjerne Innom -
så får du se tegninger på det huset du vil ha.

HØY STANDARD • GUNSTIGE PRISER

VI HAR KONTOR PÅ BOKN (GAMLE SR-BANKSLOKALER)

FAST
KONTORTID:

MAND. 10⁰⁰-14⁰⁰-17⁰⁰-19⁰⁰
FRED. 10⁰⁰-14⁰⁰-15³⁰-17³⁰

KONTAKT SOLVEIG GUNDERSEN

FOR AVTALER: TLF. 748501



UTVIK AS

TRELAST- OG BYGGEFORRETNING
4262 AVALDSNES - TLF 04-843111

10 ÅR

JUBILEUMSKONSERT

Hvis alt går etter planen, skal denne konserten være 11. februar neste år. Det blir en gigantkonsert der vi vil vise den store bredden i Musikkskulen.

Det hadde vært ekstra gøy om "gamle" elever og lærere kunne delta på denne konserten!
SÅ DERFOR: TENK DEG GODT OM; HAR DU VÆRT AKTIV I BOKN MUSIKKSKULE ENTEN SOM LÆRER ELLER ELEV OG HAR LYST TIL Å VÆRE MED Å FEIRE 10 ÅRS-JUBILEUM, DA ER DET BARE Å TA KONTAKT MED UNDERTEGNEDE.

Vi er tidlig ute i tilfelle du har anledning å være med på innøvingen av et musikkstykke som passer ditt (tidligere) instrument. Det skulle ikke være noe problem å få låne instrument her på skolen.

Dette er altså en kollektiv invitasjon. Vi har ikke oversikt og mulighet til å sende ut invitasjoner til samtlige som har vært aktive i Bokn Musikkskule.

MERK DEG DATOEN 11.02.89 - DU ER HJERTELEG VELKOMMEN TIL Å VÆRE MED PÅ JUBILEUMSKONSERT!

Hilsen Jardar

BOKN VETERAN MOTORSYKKELKLUBB

Me er 7-8 personar som driv og restaurerer gamle motorsyklar, og dette vil me gjerne ha fleire med på.

Me overtok lokala etter mc-klubben på nyåret, og har dreve og pussa desse ei stund.

Ein treng ikkje ha veteransykkel for å vera med. Har du moped eller annan sykkel, eller er du berre motorinteressert så er du velkommen som medlem. Me kan og vera behjelpelege med å skaffa motorsyklar/mopedar til dei som er interesserte i å starta med denne fascinerande hobbyen. Me har og planar om å få laga ein trial bane og ein sykkelcross bane. Trial kan ein køyra frå ein er 12 år (øvelseskøyring med 50 cm³ på bane), så her skulle det vera muleg å få med mange unge. Me har ikkje faste klubbkveldar endå, men det vil me starta med om interesse er stor nok.

Er du interessert så ta kontakt.

Bokn Veteran Motorsykelklubb
v/Edgar Våge

FISKERIVETERINÆR TILSETT

Solveig M.R. Nygaard er tilsett som fiskeriveterinær i den ledige stillinga som Bokn kommune har sagt seg villig å stå som arbeidsgjevar for.

Det er oppdrettarane i distriktet som står økonomisk ansvarlege, medan Bokn kommune har tatt på seg det administrative ansvaret som arbeidsgjevar.

P.g.a. kurs må eg haida stengt frå lørdag 5.nov. til og med onsdag 9.nov.

Anita

HÄRFIXEN STUDIO

tlf. 74 86 05

SØSKENMODERASJON I BARNEHAGEN

Saka utsett i kommunestyret



Bokn kommunestyre vedtok den 25. oktober å utsetja ei sak om søsk-enmoderasjon i barnehagen til bud-sjettmøtet i desember, for å sjå om det er økonomisk grunnlag for dette.

Søskenmoderasjon er vanleg i nabo-kommunane. Til nå har foreldre i Bokn betalt full pris sjøl om dei har meir enn 1 barn i barnehagen.

BOKN MÅ HA NY SKULESJEF

Kommunestyret ville ikkje gi permisjon.

Bokn kommunestyre gjekk i møte den 25. oktober med 12 mot 5 røyster mot å gi skulesjef Svein Vea permisjon i 1 år for at han skal arbeida som rektor ved Ferkingstad skule.

Det har vore mykje fram og tilbake i denne saka.

Først gjekk skulestyret samrøystes inn for å gi permisjon.

Så gjekk administrasjonsutvalet med 4 mot 3 røyster mot permisjon.

Så gjekk formannskapet med 3 mot 2 røyster inn for permisjon.

Og til slutt kommunestyreavgjerd med 12 mot 5 røyster mot å gi permisjon.

Fleire sa seg usikre i saka, og Svein Ivar Langhelle hadde skifta standpunkt og stemde nå mot permisjon.

Mange som uttala seg, sa at dei ia mest vekt på kva skulen var best tent med, og meinte at vikariat i ei så viktig stilling ikkje førte med seg den stabiliteten som var så viktig i ei slik stilling.

TRYLLEKUNSTNAR TIL BOKN

Fredag den 11. november kl. 17.30 vil tryllekunstnaren Knut Arnesen ha ei familieforestilling på Bokn skule.

Inngangspengar: kr. 10,-.
Arr.: Bokn kulturstyre.

KYRKJEBYGD SUNDAGSSKULE

Det vert sundagsskule desse dagane:

6. nov.: kl. 14.00

20. nov.: kl. 14.00

4. des.: kl. 14.00

18. des.: kl. 14.00

Helsing Hannemor Alvestad

TIL SALGS

4 piggdekk til salgs 6,40 SR
13 Continental kun kjørt noen få mil, kr. 600,-.

Henv.: Edgar Våge.

TIRSDAGSTREFF

KUNSTVEKA -88

Bokn sanitetsforening vil på tirs-
dagar frå kl.10.00 - kl.14.00 ha
"ope hus" på allrommet i Boknatun.

Ein kan her få seg ein kopp kaffi
med noko attåt for ein billeg
penge, og kan slå av ein drøs med
sambygdingar.

På denne tida er biblioteket ope,
og det er kontortid både hos lege,
tannlege, kommunale og statlege
kontor. Har ein slekt eller kjens-
folk på sjukestova, er også der ope
for besøk.
Bank og post er som kjent i same
bygget.

Tirsdagstreffet er meint som eit
trivselsfremjande tiltak spesielt
for dei som nærmar seg pensjons-
alderen, og dei som har passert
pensjonsalderen, men sjølv sagt er
også alle andre aldersgrupper vel-
komne.

Tirsdagstreffet startar
1. november.

Beste helsing

Bokn sanitetsforening

FINT ARRANGEMENT

Mange - både vaksne og barn - fann
veien til allrommet og biblioteket
siste veka i oktober.

Trekkplasteret var ei lokal mønst-
ring av kunst og handverk. Det fann
ei eigen avdeling frå Bokn skule
som elevar hadde laga, både bilete
og ting som var laga.

Elles hadde folk vore flinke til å
låna ut både biletkunst, ting frå
veven, treskurd, broderi, fleire ting
som var karda, spunne og strikka,
pluss mykje anna kunsthandverk/
handarbeid.

Særleg på sundagen den 23. oktober
var det mange som var innom ut-
stillinga. Når det i tillegg var
kaffi og vafler å få, vart det eit
koseleg sundagstreff med lokal
kunstpresentasjon.

Bokn skule skulle hatt vitjing av
intendanten ved Stavanger Kunst-
forening - Ronald Langauer, men
han melde forfall p.g.a. sjukdom.

Takk til Bokn kulturstyre for eit
lokalt lyspunkt i haustmørket.

3 AV 10 BUD FOR GOD HELSE:



B

ARRANGEMENT I NOVEMBER

Fred. 11.nov.:Tryllekunstforestill- ing v/Tor Arnesen.	Fred. 18.nov.:Bingo. Arr.:Skulekorpset.
Fred. 11.nov.:Haustfest. Arr.:AP	Tors. 24.nov.:Barnebasar. Arr.:Barnefor."Havdur"
Lørd. 12.nov.:Revy/dans. Arr.:Bokn Brass.	Sønd. 27.nov.:Konsert. Arr.:Bokn Brass.
Tirs. 15.nov.:Kino.	

FOTPLEIE

Det vert fotpleie mandag den 14.
november.

Dette vert siste fotpleie-dag
før nyttår.

NYTT I 1988

SPARING MED SKATTEFRADRAG

SMS FOR UNGDOM

Større sparebeløp og høyere
fradragssats for ungdom til og
med 33 år.

DEN MEST LØNNSOMME SPAREFORMEN

